



Skatteetaten

# Høyringsnotat

---

*Endringar i kassasystemforskrifta*

23.03.2018

---

## Innhald

1	Innleiing .....	2
2	Endringar i kassasystemforskrifta .....	2
2.1	Unntak frå kravet til kassaskuff .....	2
2.1.1	Gjeldande rett .....	2
2.1.2	Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag .....	2
2.2	Returkvittering .....	3
2.2.1	Gjeldande rett .....	3
2.2.2	Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag .....	3
2.3	Foreløpig kvittering/pro forma kvittering .....	3
2.3.1	Gjeldande rett .....	3
2.3.2	Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag .....	4
2.4	Krav til innhald i salskvittering.....	4
2.4.1	Gjeldande rett .....	4
2.4.2	Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag .....	4
2.5	Krav til nummerering og datering av kvitteringar .....	5
2.5.1	Gjeldande rett .....	5
2.5.2	Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag .....	5
2.6	Utskrift av salskvittering frå automatar .....	6
2.6.1	Gjeldande rett .....	6
2.6.2	Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag .....	6
2.7	Kvitteringar frå taxfree sal i lufthavner – "STEB-kvittering" .....	7
2.7.1	Gjeldande rett .....	7
2.7.2	Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag .....	7
2.8	Levering av produktfråsegn.....	7
2.8.1	Gjeldande rett .....	7
2.8.2	Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag .....	8
3	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	9
4	Merknader til kassasystemforskrifta.....	9
5	Utkast til forskrift.....	10

## 1 Innleiing

Forskrift nr. 1616 om krav til kassasystem (kassasystemforskrifta) blei fastsatt 18. desember 2015, og satt i kraft 1. januar 2017. Skattedirektoratet har frå før forskrifta blei vedteken og fram til i dag hatt ein tett dialog med systemleverandørane, både gjennom informasjonsmøter og ved å svare på spørsmål på e-post til "kassasystemprosjektet". Dette både for å informere om regelverket, og for å hjelpe leverandørane med avklaringar på spørsmål som har oppstått i samband med utvikling av kassasystema.

Skattedirektoratet har som følgje av denne dialogen publisert ei rekke spørsmål og svar på Skatteetaten si heimeside.

I dette høyringsnotatet foreslår Skattedirektoratet enkelte endringar i kassasystemforskrifta. Endringane er for ein stor del eit resultat av avklaringar som er gitt i den nemnte dialogen med systemleverandørane og representerer på fleire område ei presisering av gjeldande rett. Nokre endringar er også foreslått for å harmonisere med anna regelverk.

## 2 Endringar i kassasystemforskrifta

### 2.1 Unntak frå kravet til kassaskuff

#### 2.1.1 Gjeldande rett

Kassasystemet skal ha integrert kassaskuff på kvart kassapunkt, jf. kassasystemforskrifta § 2-2 første punktum. Det er to unntak frå dette kravet:

1. dersom kassasystemet har funksjonar for å registrere kontantsal mm. på den enkelte operatør og salet ikkje blir registrert frå faste kassapunkt, jf. § 2-2- første ledd andre punktum.
2. ved kassapunkt kor det ikkje er mogeleg å betale med setlar og myntar, jf. § 2-2- første ledd tredje punktum.

Det fylgjer dessutan av bokføringsforskrifta § 5-3-4 i kraft frå 1. januar 2019 at dersom kontantsalet blir registrert i kassasystemet på den enkelte operatør, kan operatøren nytte pengebelte eller liknande for å oppbevare kontantar for verksemda.

#### 2.1.2 Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag

Skattedirektoratet sin merknad til det første unntaket i § 2-2 lyder slik:

*Dette gjeld når kassasystemet har funksjonar for å registrere kontantsal mv. på den enkelte operatør og betalinga ikkje skjer frå faste kassapunkt. Eit eksempel kan vere når servitørar tar betaling ved borda og kontantane blir oppbevart i pengebelte eller liknande.*

Skattedirektoratet viser til at kassasystemforskrifta skal fastsetje vilkår for at kassasystem utan integrert kassaskuff kan tilbydast på marknaden. Eit klart vilkår er at slike kassasystem må ha funksjonalitet til å registrere kontantsalet på den enkelte operatør.

Kassasystemforskrifta gir dessutan uttrykk for at kassasystem utan integrert kassaskuff kan nyttast på kassapunkt når salet ikkje blir registrert frå fast kassapunkt. Skattedirektoratet legg til grunn at det

her meinast at *utskrifta ikkje blir beordra* frå eit fast kassapunkt, jf. definisjonen av kassapunkt i kassasystemforskrifta § 1-2 bokstav b. Skattedirektoratet foreslår at dette blir presisert i kassasystemforskrifta. Dette for å signalisere at det er ytterligare vilkår for å nytte kassasystem som ikkje har integrert kassaskuff. Denne avgrensinga er strengt tatt eit brukarkrav som også bør gå fram av bokføringsforskrifta.

Merknaden til kassasystemforskrifta bruker formuleringa "betaling ikkje skjer frå eit fast kassapunkt". Skattedirektoratet legg til grunn at denne formuleringa er eit vilkår for den bokføringspliktige i forhold til å kunne oppbevare kontantar andre stader enn i integrert kassaskuff. Dette vilkåret bør også gå fram av bokføringsforskrifta.

Skattedirektoratet foreslår å endre både ordlyden i kassasystemforskrifta § 2-2 og merknaden i samsvar med skildringa over.

## 2.2 Returkvittering

### 2.2.1 Gjeldande rett

Det er krav om at kassasystemet skal produsere salskvitteringar og returkvitteringar. Talet kvitteringar og beløp skal oppsummerast i X- og Z-rapport, jf. kassasystemforskrifta § 2-8-2 første ledd, jf. § 2-8-3. For returkvitteringar lyder fråsegna slik:

*p) talet på returar og beløp,*

### 2.2.2 Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag

Det er stilt spørsmål om det i § 2-8-2 bokstav p bør stå "talet på returkvitteringar og beløp". Skattedirektoratet legg til grunn at det er talet på kvitteringar som skal teljast og ikkje talet på varelinjer på ein returkvittering (talet på returar). Denne tolkinga er også formidla gjennom "spørsmål og svar" på Skatteetaten si heimeside. Dette harmonerer med dei andre krava til å summere kvitteringar, f.eks. l) talet på salskvitteringar, n) talet på kopikvitteringar og beløp og o) talet på pro forma kvitteringar og beløp.

Skattedirektoratet foreslår at § 2-8-2 bokstav p endrast i samsvar med dette.

## 2.3 Foreløpig kvittering/pro forma kvittering

### 2.3.1 Gjeldande rett

I kassasystemforskrifta § 1-2 bokstav g lyder definisjonen av ei pro forma kvittering slik:

*pro forma kvittering:* utskrift frå kassasystem som viser foreløpig registrert sal,

Kassasystemforskrifta § 2-8-6 har overskrifta "Kopikvittering, pro forma kvittering og treningskvittering". Pro-forma kvitteringen skal vere tydeleg merka "Foreløpig kvittering - IKKJE KVITTERING FOR KJØP", jf. § 2-8-6 første ledd, første punktum.

Det følgjer vidare av § 2-8-2 første ledd bokstav o, jf. § 2-8-3 at X- og Z-rapport skal innehalde "talet på pro forma kvitteringar og beløp".

### 2.3.2 Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag

Kassasystemforskrifta § 2-8-6 brukar både omgrepa "pro forma kvittering" og "foreløpig kvittering" om same type kvittering, mens § 1-2 og § 2-8-2 berre brukar "pro forma kvittering". Det er stilt spørsmål ved om det er tillate å bruke omgrepet "foreløpig kvittering" eller "midlertidig kvittering" også i X- og Z-rapport.

Skattedirektoratet foreslår at omgrepet "pro forma kvittering" blir tatt ut av forskrifta. Dette inneber at orda "pro forma kvittering" blir erstatta av orda "foreløpig kvittering" i definisjonen i § 1-2 bokstav g, i overskrifta på § 2-8-6 og i § 2-8-2 første ledd bokstav o. For verksemder som nyttar bokmål på rapportar og kvitteringar kan orda "midlertidig kvittering" alternativt nyttast.

## 2.4 Krav til innhald i salskvittering

### 2.4.1 Gjeldande rett

Kassasystemforskrifta § 2-8-4 *Salskvittering*, viser til bokføringsforskrifta § 5-3-2a *Krav til salgsdokument*. Frå 1. januar 2019 blir § 5-3-2 erstatta av § 5-3-12 *Krav til innhald mv. i salgsdokument*. Desse føresegnene stiller krav til at eit salsdokument skal innehalde dei opplysningane som følgjer av bokføringsforskrifta delkapittel 5-1. Etter forskrifta § 5-1-1 første ledd nr. 3 skal eit salsdokument vise arten og omfanget av ytinga.

I X- og Z-rapport skal linjekorreksjonar visast med tal spesifisert på type og beløp, jf. kassasystemforskrifta § 2-8-2 første ledd bokstav s.

### 2.4.2 Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag

Bokføringsforskrifta § 5-3-2a blir oppheva frå og med 1. januar 2019 og føresegna blir vidareført i bokføringsforskrifta ny § 5-3-12 frå same tidspunkt. Det er derfor behov for å endre referansen i kassasystemforskrifta § 2-8-4 samtidig med at endringa i bokføringsforskrifta trer i kraft.

#### Linjekorreksjonar

Det går ikkje eksplisitt fram av kassasystemforskrifta at linjekorreksjonar skal visast på salskvitteringa.

Skattedirektoratet har publisert ei utsegn "*Er det det antall ganger man har utført en korreksjon som skal vises i X-/Z-rapport eller er det det totale antallet man har korrigeret?*" under spørsmål og svar om kassasystem gitt følgjande eksempel på korleis ein reduksjon av talet på grunn av feilslag skal visast:

*Det er på ei linje registrert 5 kaffi á kr 30 (kr 150), men dette skulle vere ei linje med 1 kaffi á kr 30. Dette korrigerer ein med -4 kaffi á kr 30 (-kr 120). I X- og Z-rapport ser ein linjekorreksjonen: feilslag tal: 1, beløp kr -120.*

*Dersom det er registrert ein kaffi på kvar linje (4 for mykje), skal ein òg korrigere for kvar linje. I X- og Z-rapport ser ein då linjekorreksjonen: feilslag tal: 4, beløp kr -120.*

Etter kassasystemforskrifta § 2-7 første ledd skal all kontinuerleg bruk lagrast fortløpande i elektronisk journal. Linjekorreksjonar må då visast som kontinuerlig bruk i elektronisk journal knyta til det enkelte salet. Kassasystemregleverket stiller strengare krav til at korreksjonar av registreringane av kontantsal skal sporast enn for andre sal. Skattedirektoratet meiner at dette bør reflekterast i salskvitteringa slik at linjekorreksjonane også blir vist i kvitteringa. Etter



Skattedirektoratet si oppfatning vil det også vere ein fordel for kunden at linjekorreksjonar blir vist på salskvitteringa. Vi foreslår derfor at dette kravet blir teke inn i kassasystemforskrifta § 2-8-4.

## 2.5 Krav til nummerering og datering av kvitteringar

### 2.5.1 Gjeldande rett

Krav til innhald i salskvittering og returkvittering er regulert i kassasystemforskrifta § 2-8-4 og § 2-8-5. Det er krav om at desse kvitteringane minst skal innehalde dei opplysningane som er nemnt i bokføringsforskrifta § 5-3-2a. Etter 1. januar 2019 er innhaldskravet regulert i bokføringsforskrifta § 5-3-12. Desse føresegnene stiller krav til at eit salsdokument skal innehalde dei opplysningane som følgjer av bokføringsforskrifta delkapittel 5-1. Her blir det stilt krav til at eit salsdokument skal innehalde nummer og dokumentasjonsdato, jf. forskrifta § 5-1-1 første ledd nr. 1. Korleis nummereringa skal gjerast er nærare regulert i forskrifta § 5-1-3 første ledd. Etter forskrifta § 5-3-12 skal salskvitteringa vise klokkeslett for salet.

Kassasystemforskrifta § 2-8-6 stiller ikkje direkte krav til at kopikvittering, foreløpig kvittering og treningskvittering skal nummererast og daterast. Treningskvittering er definert som "utskrift frå kassasystemet for treningsformål som viser same slags opplysningar som ei salskvittering", jf. kassasystemforskrifta § 1-2 bokstav i. Dette inneber indirekte at ei treningskvittering må nummererast og daterast. Det er eit krav om at treningskvitteringar ikkje skal inngå i same nummerserie som salskvitteringar, jf. kassasystemforskrifta § 2-8-6 siste punktum.

Krav til utleveringskvittering er regulert i kassasystemforskrifta § 2-8-7. Føresegna stiller ikkje krav til at utleveringskvitteringane skal vere nummererte og daterte.

### 2.5.2 Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag

I eit kassasystem gis alle kvitteringar eit fortløpande nummer som dekkjer alle slags kvitteringar. Denne nummereringa er ikkje tilstrekkeleg for å dekke kravet til nummerering av en salskvittering. Det visast til at salskvitteringa må ha ein eigen nummerserie.

Krav til nummerering av salskvittering og returkvittering er regulert i bokføringsforskrifta. Kassasystemforskrifta har ein referanse til at salskvittering og returkvittering skal innehalde dei same opplysningane som går fram av bokføringsforskrifta og det er ikkje behov for nokon ytterligere presiseringar her. Kopikvittering skal vere ein kopi av salskvitteringa og skal vise same nummer som salskvitteringa.

Sidan bokføringsforskrifta krev at salskvitteringar og returkvitteringar skal vere nummerert med ein kontrollerbar sekvens, jf. bokføringsforskrifta § 5-1-3 første ledd, kan ikkje dei andre kvitteringane etter kassasystemforskrifta inngå i den same nummereringa. Av omsyn til seinare kontroll er det ein klar fordel at dei forskjellige kvitteringstypene gis sin eigen nummerserie. Dette vil gjere det enklare å kontrollere at riktig tal kvitteringar blir vist i X- og Z-rapport.

Som nemnt under gjeldande rett er det ein føresetnad at treningskvitteringar skal nummererast, og det er eit forbod om at treningskvitteringar kan inngå i same nummerserie som salskvitteringar.

Når det gjeld utleveringskvitteringar, har Skattedirektoratet publisert ei utsegn "*Skal utleveringskvittering vere nummerert med eigen nummerserie og må den alltid innehalde beløp?*" under spørsmål og svar om kassasystem, der det blant anna er uttalt:

*Dersom kassasystemet blir nytta til å registrere kredittsal som blir fakturert på eit seinare tidspunkt, skal det skrivast ut ei kvittering som viser kva slags varer og tenester som er levert, jf. kassasystemforskrifta § 2-8-7. Det kjem ikkje direkte fram av forskrifta kva for eit innhald utleveringskvitteringa skal ha. Utleveringskvitteringa blir skriven ut som erstatning for salskvittering og må vise nummer, dato/tidspunkt og kva som er levert.*

*Salskvittering/faktura knyta til salet, vil bli skriven ut på eit seinare tidspunkt med nummer for salskvittering. Nummeret på utleveringskvitteringa skal difor ikkje inngå i same nummerserien som blir brukt for salskvitteringar.*

Sidan utleveringskvittering erstattar salskvittering på utleveringstidspunktet, er det naturleg å krevje at desse kvitteringane må ha en eigen nummerserie.

Når det gjeld foreløpige kvitteringar, er desse nær knytt til ei salskvittering då dei skal brukast overfor kunden for å sjekke om kvitteringsinnhaldet er korrekt. Det kan tenkjast at slike kvitteringar derfor kan innehalde same nummer som den endelege salskvitteringa. Det er også eit krav at talet foreløpige kvitteringar skal visast i X- og Z-rapport. Av omsyn til seinare kontroll er det derfor ønskeleg at også foreløpige kvitteringar må inngå i ein eigen nummerserie.

Sjølv om det i praksis er vanleg at kvitteringar daterast, er det hensiktsmessig at dette blir presisert i kassasystemforskrifta på same måte som for salskvitteringar.

Skattedirektoratet foreslår at krav til nummerering og datering blir presisert i § 2-8-6 og § 2-8-7.

## **2.6 Utskrift av salskvittering frå automatar**

### **2.6.1 Gjeldande rett**

Etter kassasystemlova § 2 bokstav d er eit kassasystem definert som eit kassaapparat eller anna elektronisk system for registrering av kontantsal og utskrift av salskvittering. Elektroniske automatar vil derfor vere omfatta av kassasystemregelverket. Eit av krava i kassasystemforskrifta er at det ikkje skal vere mogeleg å avslutte sal utan at systemet skriv ut ei salskvittering, enten på papir eller elektronisk, jf. § 2-6 fjerde ledd.

Etter bokføringsforskrifta § 5-4-3 er det gitt eit unntak frå kravet til bruk av kassasystem ved sal frå automatar. Frå 1. januar 2019 blir det ei endring slik at unntaket ikkje gjeld for drivstoff- parkerings- og billettautomatar, samt andre automatar som har funksjon til å skrive salskvittering.

### **2.6.2 Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag**

Hensikta med kravet i kassasystemforskrifta § 2-6 fjerde ledd er at det på kassasystemet ikkje skal vere mogeleg å registrere eit sal foreløpig, utan at salet blir fullstendig registrert. Dette omsynet gjeld ikkje når salet skjer frå ein ubetent automat. Det vil også vere uheldig om automatar må produsere kvitteringar som kunden ikkje vil ha, slik at desse blir liggande ved automatane. Etter Skattedirektoratet si oppfatning er det derfor for ubetente automatar tilstrekkeleg at kunden kan velje utskrift ved behov. Skattedirektoratet foreslår at kassasystemforskrifta § 2-6 fjerde ledd endrast i samsvar med dette.

## 2.7 Kvitteringar frå taxfree sal i lufthavner – "STEB-kvittering"

### 2.7.1 Gjeldande rett

Det følgjer av kassasystemforskrifta § 2-6 fjerde ledd andre punktum at det ikkje skal vere mogeleg å skrive ut meir enn éi kopikvittering. Dette skal hindre at det blir unndrege omsetning ved at det blir skreve ut kopikvittering i staden for salskvittering.

Forskrift 1. mars 2011 nr 214 om *forebyggelse av anslag mot sikkerheten i luftfarten mv.* er fastsett med heimel i lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova). Det følgjer av § 3 kva for føresegner i EØS-avtala som gjeld som ein del av forskrifta. I § 3 første ledd nr. 5 visast det til EU-forordning 2015/1998 av 5. november 2015 om fastsetjing av detaljerte tiltak for gjennomføring av dei felles grunnleggande standardane for luftfartssikkerheit. Dette sikkerheitsregelverket stiller i punkt 4.1.3.2 bestemte krav til at det må visast fram såkalla «proof of purchase» saman med STEB posar (Security Tamper Evident Bag) som inneheld varer selt på lufthavner. Dersom ein kjøper taxfree varer i ei lufthavn, og skal byte fly seinare, skal varene forseglast i ein såkalla STEB pose. Kvar pose skal innehalde dokumentasjon på kjøp («proof of purchase»).

Ved slikt kjøp i lufthavn skal kunden ta i mot ei salskvittering i tillegg til at kvar pose skal innehalde dokumentasjon på kjøp. Dette byr på praktiske utfordringar då kassasystemforskrifta berre tillèt at det blir produsere éi salskvittering og éi kopikvittering. Det vil ofte vere behov for fleire kopikvitteringar.

### 2.7.2 Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag

Sikkerheitsregelverket er som nemnt gjennomført i norsk rett gjennom EØS-avtala og stiller som krav at det skal vere dokumentasjon av kjøp i kvar STEB pose. Kassasystemforskrifta har avgrensingar i tal kopikvitteringar som systemet kan skrive ut. Skattedirektoratet vurderer det slik at kassasystemforskrifta må endrast slik at den ikkje hindrar oppfylinga av forskrift om *forebyggelse av anslag mot sikkerheten i luftfarten mv.* og EU-forordning 2015/1998.

Skattedirektoratet foreslår derfor at det blir gjort endringar i kassasystemforskrifta § 2-6 fjerde ledd, siste punktum, slik at det blir gitt høve til at det kan skrivast ut fleire STEB-kvitteringar. Det blir også foreslått ei endring i forskrifta § 2-3 første ledd slik at det klart går fram at skrivaren skal kunne produsere ei STEB-kvittering. Det blir i tillegg foreslått ein definisjon av STEB-kvittering i § 1-2 og at krav til innhald i STEB-kvitteringa blir teken inn i § 2-8-6.

## 2.8 Levering av produktfråsegn

### 2.8.1 Gjeldande rett

Leverandøren av eit kassasystem skal levere ei produktfråsegn til skattekontoret, jf. kassasystemlova § 5. Produktfråsegn skal leverast elektronisk, jf. kassasystemforskrifta § 3-1 første ledd. Etter forskrifta andre ledd er det eit krav at produktfråsegna skal skrivast under ved bruk av

- a) kvalifisert sertifikatløysning, eller
- b) fødselsnummer og organisasjonsnummer, samt bruk av PIN-kode som gir fullmakt til å godkjenne produktfråsegna.

Skattedirektoratet bestemmer på kva for måte tildeling av PIN-kode skal skje, jf. forskrifta tredje ledd.



### 2.8.2 Skattedirektoratet sine vurderingar og forslag

Skattedirektoratet har utvikla eit eige skjema - RF-1348 "*Produktfråsegn om kassasystem frå systemleverandørar*" - for levering av produktfråsegna via Altinn. For at ein utanlandsk produsent skal kunne få levert produktfråsegn, må produsenten ha eit norsk organisasjonsnummer og ha ein kontaktperson med eit norsk D-nummer, dersom kontaktpersonen ikkje har norsk fødselsnummer.

Sidan Altinn er valt som løysing for levering av produktfråsegn, er det ikkje naudsynt å regulere i kassasystemforskrifta korleis produktfråsegna skal underskrivast. I Altinn skjer verifiseringa i samband med pålogging, som kan foretas på forskjellige måtar. Kassasystemforskrifta § 3-1 andre og tredje ledd kan derfor opphevast.

I byrjinga ved innsending av produktfråsegn var det fleire forhandlarar som leverte produktfråsegn for same kassasystem som leverandøren av kassasystemet hadde levert produktfråsegn for. Etter Skattedirektoratet si oppfatning skal det berre leverast éi produktfråsegn for eit kassasystem med same versjonsidentifikasjon. Ein forhandlar skal berre levere produktfråsegn dersom det er gjort tilpassingar i systemet, jf. definisjonen av leverandør i kassasystemlova § 2 bokstav e. Kassasystemet skal då bli gitt eit eige versjonsnummer eller annan unik identifikasjon. Skattedirektoratet har skreve til dei som har levert produktfråsegn for eit kassasystem som det allereie er levert produktfråsegn for, og bedt dei slette si produktfråsegn. Det er også lagt inn ei sperre i Altinn slik at det i framtida ikkje skal vere mogeleg å levere produktfråsegn for eit kassasystem som det allereie er levert produktfråsegn for. Etter Skattedirektoratet si oppfatning bør det likevel presiserast i kassasystemforskrifta at det berre skal leverast ei produkterklæring for same versjon av kassasystemet.

Når det gjeld produktfråsegn for utanlandske kassasystem, kan dette enten produsenten av systemet eller av importør lever produktfråsegn. Skattedirektoratet er kjent med at det kan skje at same kassasystem blir importert av fleire importørar. Spørsmålet er då kva for ein importør som skal levere produktfråsegn, når produsenten sjølv ikkje leverer produktfråsegn.

Det er fleire føresegner som tilseie at alle importørane bør levere produktfråsegn. Etter kassasystemlova § 5 andre ledd skal produktfråsegna følgje med kassasystemet ved sal, utleige eller utlån. Dersom ikkje importøren har levert produktfråsegn, vil det vere vanskeleg å oppfylle dette kravet. Etter kassasystemlova § 6 andre ledd kan skattekontoret pålegge ein leverandør å utbetre manglar eller trekkje kassasystemet frå marknaden innan ein gitt frist dersom det bli avdekt at kassasystemet ikkje tilfredsstillir krava i kassasystemregelverket. Slikt pålegg kan rettast mot den som har plikt til å levere produktfråsegn. Når eit kassasystem er fjerna frå lista over system det er levert produktfråsegn for, kan ingen importørar av kassasystemet lenger tilby kassasystemet for sal, utleige eller utlån. Det er likevel hensiktsmessig at skattekontoret kan påleggje kvar importør å utbetre manglar eller trekkje systemet frå marknaden. Føresegna i kassasystemlova § 7 og § 8 om tvangsmulkt og brotsgebyr vil heller ikkje kunne gjørast gjeldande overfor ein importør som ikkje har levert produktfråsegn.

Etter Skattedirektoratet si oppfatning tilseie regelverket i kassasystemlova at alle importørane bør levere kvar si produktfråsegn. Den utanlandske produsenten må då sørgje for at kassasystemet gis ein unik versjonsidentifikasjon for kvar av importørane. Skattedirektoratet foreslår at dette blir teke inn i kassasystemforskrifta § 3-1.

### 3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Fleire av endringsforslaga må sjåast på som ei presisering av gjeldande rett, kor tolkinga av reglane til dels er formidla via spørsmål og svar på Skatteetaten si heimeside. Dei fleste endringane er foreslått som følgje av tilbakemeldingar frå systemleverandørane om at regelverket er uklart. Dette gjeld unntaket frå kravet til kassaskuff, returkvitteringar i Z-rapport, foreløpig kvittering/pro forma kvittering, vising av linjekorreksjonar i salskvittering, nummerering og datering av kvitteringar og levering av produktfråsegn. Innføring av føresegnene om STEB-kvittering er forslått som ein følgje av konflikt med anna regelverk.

Dei nemnte endringane vil klargjere regelverket og har dermed ein positiv økonomisk og administrativ konsekvens for systemleverandørane. Det er likevel ikkje sikkert at alle leverandørar har tatt høgde for alle dei foreslegne krava i det kassasystemet det er levert produktfråsegn for. Dette kan til dømes gjelde kravet til nummerering av kvitteringar. Skattedirektoratet foreslår derfor at enkelte føresegner først trer i kraft frå 1. januar 2019.

Også for Skatteetaten vil endringane ha ein positiv økonomisk og administrativ konsekvens, då eit klarare regelverk vil medføre at færre treng å ta kontakt med Skatteetaten.

### 4 Merknader til kassasystemforskrifta

Til § 1-2. Definisjonar

I merknaden til bokstav g skal "pro forma kvittering" endrast til "foreløpig kvittering".

Til § 2-2. Kassaskuff

Noverande merknad første ledd femte til åttande punktum utgår og nytt anna ledd skal lyde:

Det er unntak frå kravet til bruk av integrert kassaskuff under visse føresetnader. Dette gjeld når kassasystemet har funksjonar for å registrere kontantsal mv. på den enkelte operatør og betalinga ikkje skjer frå faste kassapunkt. Eit eksempel kan vere når servitørar tar betaling ved borda og kontantane blir oppbevart i pengebelte eller liknande. *Dersom servitøren i slike tilfelle har med seg ein terminal "til bordet" som han beordrar utskrift av salskvittering frå, blir dette ikkje rekna som eit "fast kassapunkt" og det er ikkje krav om at terminalen (kassapunktet) skal ha integrert kassaskuff. Det vises til bokføringsforskrifta § 5-3-4.* Dersom den bokføringspliktige har permanente løysingar med kassasystem kor det ikkje kan betalast med setlar og myntar, så vil det ikkje vere krav til kassaskuff.

Noverande anna ledd vert nytt tredje ledd.

*Til § 2-6. Funksjonar som eit kassasystem ikkje skal ha*

Tillegg til merknaden til fjerde ledd:

Unntaket for STEB-kvitteringar er innført slik at kassasystemforskrifta ikkje skal hindre oppfyllinga av "forskrift om forebyggelse av anslag mot sikkerheten i luftfarten mv." og EU-forordning 2015/1998.

*Til § 2-8-4. Salskvittering.*

Merknaden gis følgjande tillegg:

Føresegna stiller krav til at registrert linjekorreksjonar skal visast i salskvitteringa. Dette er eit tilleggskrav i forhold til innhaldskravet til eit salsdokument etter bokføringsforskrifta delkapitel § 5-1.

*Til § 2-8-6. Kopikvittering, STEB-kvittering, foreløpig kvittering og treningskvittering*

Forskrifta set krav til at orda "KOPI", "STEB-kvittering", "Foreløpig kvittering – IKKJE KVITTERING FOR KJØP" og "Treningskvittering – IKKJE KVITTERING FOR KJØP" skal gå fram tydeleg på respektive kopikvittering, pro forma kvittering og treningskvittering. Det er ikkje høve til å erstatte store bokstavar med små bokstavar. Den bokføringspliktige treng ikkje angi desse orda på nynorsk.

*Til § 3-1. Produktfråsegn*

Merknaden til § 3-1 skal lyde:

*Første ledd* slår fast at produktfråsegna skal leverast via Altinn. Utanlandske leverandørar av kassasystem må da ha eit norsk føretaksnummer og ein kontaktperson med enten norsk fødselsnummer eller D-nummer.

Etter *andre ledd* skal det berre leverast éi produktfråsegn for same versjon av kassasystemet. Dette skal blant anna hindre at ein forhandlar som ikkje gjer tilpassingar i kassasystemet, skal kunne levere produktfråsegn. Ved import av eit kassasystem kan enten den utanlandske produsenten eller importøren av kassasystemet levere produktfråsegn, jf. kassasystemlova § 2 bokstav e. Føresegna skal sikre at dersom fleire importerer same kassasystem og produsenten ikkje har levert produktfråsegn, må kvar importør levere produktfråsegn der kassasystemet har ein eigen unik versjonsidentifikasjon. Det naturlege er at den utanlandske produsenten i slike tilfelle tildeler kvar importør ein unik versjonsidentifikasjon.

## 5 Utkast til forskrift

### **Forskrift om endring i forskrift 18. desember 2015 nr. 1616 om krav til kassasystem**

I

I forskrift 18. desember 2016 nr. 1558 om krav til kassasystem gjerast følgjande endringar:

§ 1-2 ny bokstav r skal lyde:

*STEB-kvittering*: kopikvittering som skal leggjast i forseгла pose (Security Tamper Evident Bag) ved kjøp av taxfree varer i lufthavner.

§ 2-2 andre punktum skal lyde:

Dette gjeld likevel ikkje dersom kassasystemet har funksjonar for å registrere kontantsal mv. på den enkelte operatør og *utskrift av salskvittering ikkje blir beordra* frå faste kassapunkt.

§ 2-3 første ledd skal lyde:

Kassasystemet skal ved det enkelte kassapunkt vere utstyrt med ein skrivar. Skrivaren skal kunne produsere dokumentasjon som nemnt i § 1-2 bokstavane d til i, l til n og r.

§ 2-6 fjerde ledd skal lyde:

Det skal ikkje vere mogeleg å avslutte sal utan at systemet skriv ut ei salskvittering. *For drivstoff-parkerings- og billettautomatar, samt andre ubetjente automatar som har funksjon til å skrive salskvittering, kan systemet ha ein funksjon som gjer det frivillig for kunden å ta ut salskvittering.* Systemet skal ikkje kunne skrive ut meir enn éi kopikvittering. *Dette er ikkje til hinder for at taxfree butikkar i lufthavner har system som kan skrive ut fleire STEB-kvitteringar.*

§ 2-8-6 skal lyde:

2-8-6.Kopikvittering, STEB-kvittering, pro forma kvittering og treningskvittering

Dersom kassasystemet har funksjonar til å skrive ut kopikvittering, STEB-kvittering, pro forma kvittering eller treningskvittering skal desse vere tydeleg merka respektive "KOPI", "STEB-kvittering" "Foreløpig kvittering - IKKJE KVITTERING FOR KJØP" og "Treningskvittering - IKKJE KVITTERING FOR KJØP". Fonten på den markerte teksten skal vere minst 50 % større enn den teksten som angir beløp. Treningskvitteringar skal ikkje inngå i same nummerserie som salskvitteringar.

§ 3-1 første og andre ledd skal lyde:

Produktfråsegn som nemnt i kassasystemlova § 5 skal leverast elektronisk *via Altinn*.

*Det skal ikkje leverast meir enn ei produktfråsegn for same versjon av kassasystemet. Dersom ein utanlandsk produsent ikkje sjølv leverer produktfråsegn, skal alle importørar av kassasystemet levere kvar si produktfråsegn med unik versjonsidentifikasjon.*

§ 3-1 tredje ledd opphevast.

## II

I forskrift 18. desember 2016 nr. 1558 om krav til kassasystem gjørast følgjande endringar:

§ 1-2 bokstav g skal lyde:

*Foreløpig kvittering:* utskrift frå kassasystem som viser foreløpig registret sal,

§ 2-8-2 første ledd bokstav o skal lyde:

talet på foreløpige kvitteringar og beløp

§ 2-8-2 første ledd bokstav p skal lyde:

talet på returkvitteringar og beløp

§ 2-8-4 skal lyde:

Ei salskvittering skal minst innehalde opplysningar som nemnt i forskrift 1. desember 2004 nr. 1558 om bokføring § 5-3-12 samt opplysningar om type betalingsmiddel og ID-nummeret til kassapunktet. *Dersom det er registrert linjekorreksjonar i samband med salet, skal desse linjekorreksjonane visast i salskvitteringa.* Ordet «Salskvittering» skal visast øvst på kvitteringa. Dersom salskvitteringa er

framstilt i elektronisk form skal orda «Elektronisk salskvittering» visast. Dersom betalingsterminal er integrert med kassasystemet, skal salskvitteringa også innehalde transaksjons-ID.

Overskrifta i § 2-8-6 skal lyde:

**§ 2-8-6. Kopikvittering, STEB-kvittering, foreløpig kvittering og treningskvittering**

§ 2-8-6 første punktum skal lyde:

Dersom kassasystemet har funksjonar til å skrive ut kopikvittering, STEB-kvittering, *foreløpig kvittering* eller treningskvittering skal desse vere tydeleg merka respektiv «KOPI», «STEB-kvittering», «Foreløpig kvittering – IKKJE KVITTERING FOR KJØP» og «Treningskvittering – IKKJE KVITTERING FOR KJØP».

§ 2-8-6 siste punktum skal lyde:

*Foreløpige kvitteringar og treningskvitteringar skal daterast og nummererast fortløpande i egne nummerseriar.*

§ 2-8-7 nytt siste punktum skal lyde:

*Utleveringskvitteringar skal daterast og nummererast fortløpande i eigen nummerserie.*

III

Endringane under I trer i kraft straks. Endringa under II trer i kraft 1. januar 2019.